

**Fra:** Ole Thomas Fidjeland <ole.thomas.fidjeland@karmoykirken.no>  
**Sendt:** 10. juni 2017 17:25  
**Til:** KR-Postmottak  
**Emne:** Høyringsvar frå Ferkingstad sokneråd

Ferkingstad sokneråd (SR) vedtar fylgjande svar på høyringa om forslag til nye regler for val av sokneråd, bispedømmeråd og kyrkjemøte:

### ***1: Bakgrunn***

Ferkingstad sokneråd sluttar seg ikkje til utgangspunktet for høyringsnotatet om at kyrkjevalet bør falle på samme tidspunkt som politisk val. SR meiner tvert imot at det vil vara i interesse for kyrkja å ikkje la desse vala samanfalle i tidspunkt, for på den måten ikkje legge opp til ein politisering av Den Norske Kyrkja.

### ***2.1: Direkteval eller kombinasjonsval av direkte og indirekte valomgang ved val av leke medlemmer til bispedømmeråd og kirkemøtet***

Indirekte val skapar den utfordringa at stemmegivar ikkje veit kva eller kven ein egentlig stemmer på. Uansett valordning, bør det vara tydelig for velgar kva agenda ein faktisk gir sin tilslutning til ved stemmegiving. Ferkingstad sokneråd meiner at dette best blir ivaretatt ved ei valordning med direkte val.

### ***2.2: Fleirtals- og forholdsva***

Ferkingstad sokneråd ynskjer at dagens ordning videreføres. Soknerådet begrunnar dette med at ein ikkje ynskjer ein ordning der kyrkjelige partier og deira agendaer dominerar kyrkjevalet.

### ***2.3: Tilskuddsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m.***

Ferkingstad sokneråd meiner at ein ikkje skal stimulere til økt fragmentering av kyrkja ved å finansiere alternative forslagsstillere. Dersom alternative forslagsstillere/nomineringsgrupper ynskjer å arbeide for alternative nominasjonslister, bør desse finansiere eige arbeid sjølv.

--  
Mvh  
Ole Thomas Fidjeland  
Daglig leder  
Falnes/Ferkingstad menigheter  
Kontor: 52810001